

Årsmelding 2021

Forum for natur og friluftsliv

Sogn og Fjordane

Innhold

1. Innleiing	2
2. Aktivitet gjennom året	2
2.1 Saker og temaer	3
2.2 Arrangementer	3
2.3. Fråsegn	3
2.4 Informasjon	3
3. Organisatorisk.....	4
3.1 Tilslutta organisasjonar	4
3.2 Årsmøtet i FNF Sogn og Fjordane 2021 - digitalt.....	4
3.3 Styret	5
3.4 Administrasjon.....	6
3.5 Samarbeid i FNF.....	6
4. Økonomi	6
5. Årsrapporten signeres av styrets medlemmer og sittende daglig leder (koordinator(er)).....	6



1. Innleiing

Forum for natur og friluftsliv (FNF) Sogn og Fjordane er eit samarbeidsnettverk for natur- og friluftslivsorganisasjonane i regionen. Vårt mål er å ivareta natur- og friluftslivsinteressene i Sogn og Fjordane ved å styrke og fremje organisasjonenes arbeid, være ein møteplass for samarbeid og ein arena for kompetansebygging for natur- og friluftslivsorganisasjonane med sitt virke i regionen.

Naturen i Vestland fylke og gamle regionen Sogn og Fjordane er under stadig press frå nedbygging. Ein taper stadig viktig naturareal og ein har i FNF som hovudmål å representere natur- og friluftslivsinteresser i fylket i saker om nedbygging av natur- og friluftslvsområde, samt støtte frivillige organisasjonar i gjennomføring og formidling av aktivitetar som fremjar natur- og friluftslivsinteresser.

FNF skal gjennom tilslutta organisasjonar prioritere arealsaker og andre saker med konsekvensar for naturverdiar og friluftsliv ved å:

- sette naturverdiar og friluftsliv på dagsorden i samfunnet
- ha god kontakt med myndighetene
- bygge gode nettverk mellom organisasjonane, med politikare og andre relevante aktørar
- påverke i relevante plan- og saksprosessar
- bygge kompetanse i organisasjonane

I 2021 har det vore stort fokus på å gjennomføre det ein kan av aktivitetar ved for eksempel Friluftslivets veke, med dei møter og arrangement som har kunne blitt digitale på grunn av pandemiåret som var.

2. Aktivitet gjennom året

Man kan kanskje seie at unormale år har blitt den nye normalen. Og det stemmer i alle fall for FNF Sogn og Fjordane i 2021. Det var eit heilt år som var sterkt prega av pandemien og dei restriksjonar og usikkerheit som den førte med seg. Det gjekk ut over møteverksemd, arrangement og aktivitetar.

I tillegg hadde vi to skifte av koordinator og nokre sjukmeldingar. Koordinatoren er definitivt vår viktigaste ressurs og redusert kapasitet her går veldig ut over «produksjonen» til organisasjonen.

2.1 Saker og temaer

FNF Sogn og Fjordane har jobba med å skrive fråsegn og innspel til regionale planer, kommunale planar, interkommunale planar, reguleringsplanar og nokre detaljreguleringsplanar. FNF har også uttalt seg om skogvern, konsesjonsvilkår og klaga på vedtak som er gjort i saka om Fjord-deponi i førdefjorden.

2.2 Arrangement

FNF Sogn og Fjordane har deltatt på møter, arrangementer og kurs i samsvar med temaer og saker som har vore relevante gjennom 2021.

2.3. Fråsegn

10.09.2021 - Høringsuttale til RTP Regional transportplan Vestland
09.07.2021 - Detaljregulering Rind og Fedje i Vik kommune
08.07.2021 - Kinn kommune reguleringsplan Tømmervika
01.07.2021 - Skogvern Lykkja i Årdal uttale FNF SF
30.06.2021 - Frivillig skogvern Skolten i Gulen
29.06.2021 - Høringsuttalelse til Regional plan for vassforvaltning for Vestland vassregion 2022-2027
20.06.2021 - Høringsuttalelse til revisjon av konsesjonsvilkår for Arnafjord- og Vikvassdraga
30.05.2021 - Uttale til Planprogram for kommuneplan for biologisk mangfold, Luster kommune
10.05.2021 - Høringsinnspill til planprogram for Interkommunal plan for sjøområda i Nordhordland
15.02.2021 - Påklaging på vedtak «Revidert tillatelse til virksomhet etter forurensningsloven for Nordic Rutile AS»
20.01.2021 - Uttale til endringer i detaljplan for Bremangerlandet Vindkraftverk's Flytting av turbiner

2.4 Informasjon

FNF Sogn og fjordane har ei nettside som blir oppdatert med relevante saker, aktivitetskalender, høringar (gjennom høringsradaren) og fråsegn gjevne. Det blir også delt relevante saker og linker til arrangementer i regi av FNF og/eller tilslutta organisasjonar på FNF Sogn og fjordane sine Facebook sider.

3. Organisatorisk

Administrativt og organisatorisk arbeid for å sikre god drift i Sogn og Fjordane har vore prioriterte oppgaver i 2021, samt:

- Fylkesdekkande saker og dialog med fylkeskommunen
- Prinsipielle saker med nasjonal interesse som til dømes Engebøsaka og vindkraft
- Kommunale arealplaner
- Vilårsrevisjonar for vasskraft

3.1 Tilslutta organisasjonar

Sogn Terrengsykkelklubb (ny 2021*)

DNT Sogn og Fjordane Turlag,
Fjordane Friluftsråd,
Forbundet Kysten ved Kystlaget Hornelen,
Fortidsminneforeningen avd. Sogn og Fjordane,
Gloppen Padleklubb,
Klatreklubbane v/Sogndal klatreklubb,
Naturvernforbundet Sogn og Fjordane,
Norges Jeger- og Fiskeforbund (NJFF) Sogn og Fjordane,
Birdlife Sogn og Fjordane,
Sogn og Fjordane krets av Norges Speiderforbund,
Sogndal dykkarklubb,
Sognefjorden Vel

3.2 Årsmøtet i FNF Sogn og Fjordane 2021 - digitalt

Tid / stad: Måndag 12.04.21 kl. 19:00 / Digital gjennomføring i Teams.

Til stades:

Alf Erik Røyrvik,	Norges Jeger og Fiskeforbund Sogn og Fjordane
Reidun Solberg Siem,	Norges Jeger og Fiskeforbund Sogn og Fjordane
Ron Overdevest,	Sogn og Fjordane Turlag
Rigmor Bjørkedal,	Naturvernforbundet Sogn og Fjordane
Jørund Nygård,	Naturvernforbundet Sogn og Fjordane
Petter Andreas Strøm,	Sogn Terrengsykkel

Marianne Kjøllesdal Sundal, Sogn Terrensykkel
Torbjørn Dale, Sognefjorden Vel
Lars Olav Rylandsholm, Kystlaget Hornelen

Saker :

1. Godkjenning av innkalling og sakliste
2. Opprop / registrering av deltakere
3. Val av møteleiar, referent og to til å skrive under møtebok
4. Godkjenning av årsmelding for 2020
5. Godkjenning av rekneskap for 2020
6. Budsjett for 2021 – orienteringssak
7. Årsplan for 2021
8. Val av styre for 2021

3.3 Styret

Styret var i 2021 samansett slik:

- Alf Erik Røyrvik – Norges Jeger og Fiskarforbund Sogn og Fjordane (leiar)
- Ron Overdevest – Sogn og Fjordane turlag
- Rigmor Bjørkedal – Naturvernforbundet i Sogn og Fjordane
- Lars Olav Rylandsholm – Kystlaget Hornelen

Styret har i 2021 hatt 8 styremøte. Dei har vore gjennomført både som nettmøte og fysiske møte, alt etter kva som har vore mest hensiktsmessig.

Møte	Dato	Dag	Stad
Styremøte	16.februar	Tysdag	
Styremøte	23.mars	Tysdag	19.00 Teams
Styremøte	7.april	Onsdag	19.00 Teams
Årsmøte	12.april	Tysdag	Førde, Eikåsalen /Teams kl.19.00
Styremøte	1.juni	Tysdag	
Styremøte	24.august	Tysdag	
Styremøte	5. oktober	Tysdag	
Styremøte	7.desember	Tysdag	

Styremøta er normalt sett opp frå kl.18.00 – kl.21.00 inkl. middag til møtestart kl.19.00, Skei

3.4 Administrasjon

Koordinatorar i FNF Sogn og Fjordane har i 2021 vore:

- Åsmund Nordgulen (januar)
- Elisabeth Dahle 100% (februar – november)
- Geir Rune Rauset 100% (november – desember)

Vi har og hatt noko innleigd hjelp og støtte frå FNF nasjonalt.

3.5 Samarbeid i FNF

Styrearbeidet, samarbeidet med koordinatorene og dialog og samhandling med FNF nasjonalt har fungert veldig godt i 2021. Vi har vore flinke til å fronte saker på ein slik måte at alle primærorganisasjonane står samla bak fråsegner og utspel. Det er ei styrke for oss!

4. Økonomi

Økonomien i FNF Sogn og Fjordane er god.

Vi gjekk i underskudd i 2021, men har god økonomi, så det var det budsjettert for. Fylkeskommunen i Vestland og Friluftlivets veke har bidratt med midler i 2021. Lønn til koordinator(ar) dekkast av FNF nasjonalt, og FNF Sogn og fjordane har bidratt med ein andel som i 2021 var 75.000kr.

5. Årsrapporten signeres av styrets medlemmer og sittende daglig leder (koordinator(er))

Alf Erik Røyrvik

Leiar

Magnus Frøyen

Medlem

Ket Fossen

Ket Fossen

Koordinator

Lars Olav Rylandsholm

Medlem

Rigmor Bjørkedal

Medlem